



Statens vegvesen

BEATE HINDENES
RØSVIKA 13
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/47880-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.06.2017

Uttale – Fv. 395 – Utvida bruk av avkøyrslle – Gnr. 20 bnr. 2 3 5 og 6 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 30.03.2017. Vi var på synfaring på staden 29.05.2017.

Kva saka gjeld:

Det skal søkjast om frådeling av tomt til bustad frå sameiget gnr. 20 bnr. 2, 3, 5 og 6 i Lindås kommune. Det omsøkte arealet er avsett til landbruk,- natur- og friluftsføremål med spreidd bustadbygging jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås (2011 – 2023). Det er synt 2 bustader i planperioden innanfor dette arealføremålet. Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande bustadavkøyrslle.

Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale til saka som du kan legge ved din søknad til Lindås kommune:

Uttale til søknad etter plan- og bygningslova:

Tiltaket ligg langs fv. 395 ved Gongstø / Hindenes i Lindås kommune. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årstdøgertrafikk (ÅDT) er 150. Strekninga er klassifisert til Haldningsklasse 4 jf. *Rammeplan for avkøyrslle og byggjegrensar langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)*. Vegen er smal og svingete på gjeldande strekning. Det er ikkje tilbod til gåande og syklande, men det er tilrettelagt med kollektivhaldeplass litt nord for avkøyrsla.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vegvesenet si vurdering av saka:

I *Rammeplanen* er vegstrekninga klassifisert til haldningsklasse 4. Det vil mellom anna seie at vegen er ein lokalveg og at det vanlegvis vert gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsla dersom avkøyrsla tilfredsstiller dei krav vi har til utforming.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkøyrslar eller ved søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrslar er at det skal vere tilstrekkeleg sikt. I dette tilfellet er kravet at ein skal sjå 100 meter til kvar side av køyrebana frå eit augepunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla.

På synfaring 29.05.2017 målte vi sikta. Sikta vart målt til rundt 55 meter til venstre i avkøyrsla og om lag det same til høgre i avkøyrsla. Dette er langt under det kravet vi stiller til sikt. Vi vurderer likevel at sikta kan forbetrast vesentleg dersom ein utfører siktforbetrande tiltak, dvs fjerner terreng (skjering) og vegetasjon i frisisiktsone. Dette vil mellom anna krevje løyve av grunneigarar i området.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden meiner vi at det kan påreknast avkøyrslaløyve etter veglova slik det er søkt om, dersom kommunen godkjenner omsøkte tiltak. Eit slikt løyve vil i så fall innehalde særlege vilkår til opparbeiding av siktforholda i avkøyrsla.

Vidare saksgang:

Statens vegvesen utsetjer vidare handsaming av søknad om avkøyrsla etter veglova.

Lindås kommunen må her ta stilling til om tiltaket er i samsvar med arealdelen av kommuneplan for Lindås, og særleg krav til antal einingar i planperioden.

Vi minner samstundes om at avkøyrsla frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert etablert ny eigedom jf. pbl. § 27-4 og veglova §§40-43. Dersom Lindås kommune meiner tiltaket er i samsvar med plan, kan vi fatte eit direkte vedtak etter veglova.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

